



## Lærer Lorents Dahl

døydde mandag 8. septbr. 1913.

For ei sorg, og for ein saknad! Ein kann mest ikkje finna ord. Denne folkelege og staute mannen er burte. Det er mest som ein ikkje trur det.

Han vart født paa Skognes i 1871 og tok seminareksamen i Trums, daa han var 22 aar gamall. Same aaret vart han lærar uppe i Sydvaranger og virka der ei tid. Seinare vart han lærar i Tromsøysund nokre aar, til des han fekk posten heime. Der virka han i mange aar.

Skulestellet den gong var ikkje so langt framme i Lenvik. Dei flertalle skulehus var leigde. Myrkt og svart var det inne, og pultar, ja det fantes det ikke anna enn store uhøvla benkjer og flisute bord, og skulemateriell var efter maaten i samme vesalldom.

Men lærer Dahl vilde bygdi si fram. Han arbeidde hardt i skulen; det minnst eg som var hans elev. Men utanum skulen gjorde han og karsværk ein sjeldan gløymer. Han kasta seg med eld upp i striden for nye skulehus og betre skulematriel. Baade seint og tidleg virka han for skulestellet og det hjalp, men kan henda han som Struense sette sine planer igjennom for snygt. Det var mange, som ikke kunde sjaa, at det trengtes eit løft for skulen, og dei lika ikkje dette nye og var soleis forarga, daa den eine flikking fyre og den andre etter vart gjort for skulen. Dette, at folket ikke saag sit eige beste, det saara han, og han tok daa mot ein lærarpost i Venger.

Der virka han eit par aar; men han elska Nordlandet og saag, at her var mykje aa gjera for skulen, og so tok han til aa søkja seg nordetter att og fekk so lærarpost ved Sama folkeskole ved Harstad. Der tok han eit løft for lærarane og skulen som eg trur Trondenes seint vil gløyma.

Jamt og samt var han og vitja heimbygdi si, og daa var han velkomen av alle. Lenvik hadde i millombils faat augo upp og arbeid for skulen, so skulestellet er no med det fremste her nord. Han arbeidde trottug, men han var ikkje den mannen som vilde ha æra av arbeidet sitt sjølve.

Soleia er det. «Kua er ikkje sakna, fyrr baasen er tom».

No hev han lagt ned arbeidet sitt. Stille arbeidde han, og stille gjekk han burt.

Endaa han rakk berre 42 aar, so hev han gjeve oss eit fagert livsverk, og me som er hans kollegaer og andre med, takker ham for det og signer hans minde.

Mehus i september 1913.

Odin Myrseth.